

Sak 2:

ÅRSMELDING 1995/96

ÅRSMØTET 1995

Årsmøtet i stiftinga vart halde i Ørsta 18. september 1995, samstundes med Dei nynorske festspela 1995. 15 av stiftarorganisasjonane var representert. Årsmøtet behandla dei vanlege årsmøtesakene, i tillegg til eigne drøftingar om arbeidet framover generelt og om festspela. Til arbeidsutval for stiftinga vart desse valde: Jostein Nerbøvik (leiar), Ola E. Bø (nestleiar), Jan Olav Fretland, Jens Kåre Engeset, Jan Magne Dahle.

VEDTAK OM EIT IVAR AASEN-TUN

I samband med vedtak av statsbudsjettet for 1996 vedtok Stortinget i desember 1995 å løyva i alt kr 24 millionar kroner til kulturbyggprosjektet Ivar Aasen-tunet. Løyvinga vart gjort med den føresetnad at Ørsta og Volda kommunar og Møre og Romsdal fylkeskommune gjer vedtak om å dekkja resten av investeringskostnadene innanfor ei ramme på 40 millionar kroner. Saka vart lagt fram som ein tilleggsproposisjon til budsjettet for Kulturdepartementet for 1996.

Ørsta og Volda kommunar og Møre og Romsdal fylkeskommune vart einige om ei slik fordeling: fylkeskommunen 6 millionar, Ørsta kommune 5,7 millionar og Volda kommune 4,3 millionar. Alle tre har no gjort bindande vedtak om å løyva midlane slik det var føresett i Stortingsvedtaket.

Kulturdepartementet har gjeve oppdraget med å teikna bygget til arkitekt Sverre Fehn. Departementet har gjeve uttrykk for at det skal leggjast stor vekt på kvaliteten i utforminga av både bygget og omgjevnadene. Statsbygg har fått i oppdrag å vera byggherre for utbygginga. Det er planlagt byggestart i 1997, og to års byggetid.

I proposisjonen er det slått fast at Ivar Aasen-stiftinga skal vera eigar og drivar av Ivar Aasen-tunet. Staten som tilskotsgjevar skal ha styrefleirtal. Dette vil krevja organisatoriske endringar i stiftinga. Arbeidsutvalet har drøfta dette med departementet, som no arbeider vidare med saka. Stortinget streka elles under at Ivar Aasen-tunet bør ha eit formalisert samarbeid med Ivar Aasen-instituttet i Volda.

ARBEIDET MED INNHALDET I TUNET

Nestleiar Ola E. Bø var i Dublin på studietur i oktober. Der hadde han saman med representantar frå Kulturdepartementet m a møte med EF-instituttet The European Bureau for Lesser Used Languages. Stiftinga har seinare hatt eit godt samarbeid med dette instituttet.

I samarbeid med Kulturdepartementet vart det i februar i år er det sett ned ei eiga prosjektgruppe (brukargruppe) som skal utvikla prosjektet vidare når det gjeld konkretisering av føremålet/innhaldet i prosjektet og visualisering av ideane. Brukargruppa er ei referansegruppe for Statsbygg, og arbeider i lag med ulike grupper, firma og enkeltpersonar for å koma fram til best mogeleg og mest mogeleg konkrete løysingar.

Stiftinga har leigd inn ein prosjektleiar, Hilde Mortvedt, som har ansvaret for å leia dette arbeidet. Gruppa er samansett av arbeidsutvalet i stiftinga og to representantar frå Kulturdepartementet.

Brukargruppa arbeider med å utvikle prosjektet vidare når det gjeld:

- konkretisering av føremålet og innhaldet i prosjektet
- visualisering av ideane i samarbeid med kvalifiserte konsulentar
- formidling av resultata inn i prosjektet

Gruppa har sett ned fleire arbeidsgrupper, har vore på synfaring på tomta, har hatt fleire møte med arkitekt og med Statsbygg, vore på studieturar i Noreg og til Irland, Wales og England, og har kontakt med Norsk Museumsutvikling og andre faginstansar. Det har også vore god kontakt med Ivar Aasen-instituttet. Gruppa har fått gode og nyttige innspel på kva eit Ivar Aasen-tun bør innehalda og korleis det bør utformast. For å gje prosjektet ei betre lokal forankring vil det no verta etablert ei referansegruppe i Ørsta/Volda.

Resultata frå brukargruppa sitt arbeid er formidla undervegs til Statsbygg og til arkitekt Fehn både i møte og gjennom skriftleg dokumentasjon. Mest utfordrande og problematisk har vore Statsbygg sitt forslag til arealreduksjon frå 2 120 m² (som var planen i budsjettproposisjonen) til ca 1 500 m². Det er den faste investeringsramma på 40 millionar som er grunngjevinga for denne. Ivar Aasen-stiftinga reagerte kraftig på dette, og gav i brev til Kulturdepartementet uttrykk for at dette er svært alarmerande. Det vil måtte føra til at viktige funksjonar i heilskapen til den nye institusjonen ikkje kan realiserast. Som svar på dette har Statbygg no bede om at brukargruppa i samarbeid med arkitekt Fehn legg fram eit redusert romprogram illustrert med programskisser. Dette skal så brukast til å kalkulere prosjektet.

Etter Statsbygg sin noverande framdriftsplan skal godkjent byggeprogram og kostnadsramme vera klar 10. oktober.

Det vert vidare arbeidd med ein informasjonsfaldar om Ivar Aasen-senteret (Ivar Aasen-instituttet og Ivar Aasen-tunet).

DEN INTERNASJONALE IVAR AASEN-KONFERANSEN

I samarbeid med Universitetet i Oslo v/institutt for nordistikk og litteratur vil Ivar Aasen-stiftinga skipa til ein større internasjonal språkkonferanse 14. til 16. november. Eit hovudsiktemål med konferansen og ringverknadene av den er å gje idearbeidet med senteret eit internasjonalt tilsnitt og å oppretta eit større internasjonalt kontaktnett, som kan bli eit viktig ankerfeste for arbeidet med å få til Aasen-senteret. Dette vil koma både Aasen-tunet og Aasen-instituttet til gode. Unn Røyneland er hovudsekretær for konferansen. Konferansen vil vera eit arrangement i Ivar Aasen-året 1996.

IVAR AASEN-INSTITUTTET - EIT SENTER FOR NYNORSK SKRIFTKULTUR

Prosjektleiar Helga Stave Tvinnereim starta arbeidet ved instituttet 1. januar i år. Det vert arbeidd for å tilsett folk i dei to professorata/stipendiatsstillingane ved instituttet. Det er eitt professorat/stipendiatsstilling i nynorsk skriftspråk (hovudkompetanse i språklege disiplinar), og eitt i nynorsk skriftkultur (hovudkompetanse i humaniora og/eller samfunnsvitskap)

Ivar Aasen-instituttet er ein del av Avdeling for humanistiske fag og er underlagt avdelingsstyret. Det skal opprettast eit eige instituttstyre. Styret for Høgskulen i Volda oppnemnde 25. januar i år ei referansegruppe for instituttet på 11 medlemer. Referansegruppen skal gje faglege råd. Leiar for gruppa er Jan Terje Faarlund, NTNU. Ivar Aasen-stiftinga har ein plass i denne gruppa; Jostein Nerbøvik. I tillegg har Ivar Aasen-tunet fått ein plass, og den vil Jens Kåre Engeset frå Ivar Aasen-museet disponera inntil vidare. Referansegruppen har nedsett eit arbeidsutval, der stiftinga er representert ved Jostein Nerbøvik.

Instituttet skipa til ein idedugnad 27. til 28. februar: Nynorsk skriftkultur - knutepunkt i Noregsnettet, med ei rekke framståande deltakarar og godt utbytte. Det er utarbeidd ein konferanserapport: *Nynorsk skriftkultur - aktuelle forskingsfelt*. Rapporten er no i handelen. Verksemindsplanen for instituttet vart godkjend i april i år.

Ivar Aasen-instituttet har lagt informasjon om instituttet og Ivar Aasen på internett.

Instituttet har oppretta ein eigen skriftserie ved HVO. Ivar Aasens *Det norske Folkesprogs Grammatik* (1848) vert publisert i ny utgåve v/Terje Aarset, og kjem ut i månadsskiftet august/september som skrift nr 1.

DEI NYNORSKE FESTSPELA

Dei nynorske festspela 1995

Dei nynorske festspela 1995 gjekk med om lag kr 180 000 i underskot. Samla omsetning var på om lag kr 950 000. Underskotet skuldast sviktande sponsorinntekter, dårlig billettsal og for dyre arrangement i høve til billettprisane. Noko av kostnadene gjeld elles etterslep frå 1993-94. Administrativt rot gjorde det umogeleg å driva god økonomistyring. Kreditoren vår, Volda kommune, har vore svært velviljuge i oppryddingsfasen, og stiftinga har vedteke å ta opp lån i Ørsta og Volda Sparebank for å betala ned lånet.

Dei nynorske festspela 1996

I desember 1995 vart Arve Fosse tilsett som dagleg leiar for festspela, i engasjement fram til utgangen av oktober 1996. Festspelnemnda 1996 er samansett slik: Odd A. Steinvåg (leiar), Sigrid Lødemel Gudnason, Terje Kjøde, Heidrun Torbjørnson, Sveinung Walset. Jostein Nerbøvik møter i nemnda frå stiftinga. I midten av juli slutta Fosse i stillinga, og nemndsleiar Odd Steinvåg gjekk inn som dagleg leiar på deltid.

AU har arbeidd mykje for å få auka Kulturdepartementet sine løyvingane til Dei nynorske festspela. For 1996 har Festspela fått kr 256 000 i ordinær støtte, og kr 80 000 i støtte til urframføringa av Olav Kiellands symfoni tileigna Ivar Aasen.

IVAR AASEN-ÅRET 1996

Stiftinga Ivar Aasen-året 1996, som vart skipa våren 1995, arbeider svært godt, noko som ført til at Ivar Aasen sitt namn og arbeid har vore meir i fokus både i media, skuleverket og kulturlivet generelt enn nokon gong før.

STYRET

Styret for stiftinga har vore samansett av ein fast styremedlem med personleg varamedlem frå dei av skiparane som har ønskt styrerrepresentasjon. Det har ikkje kome til nye skiparar i perioden. Ei liste over styremedlemene ligg ved. Styret har hatt 1 ordinært styremøte i perioden, der det var grundige orienteringar og høve til å drøfta arbeidet i stiftinga.

Arbeidsutvalet har hatt 7 vanlege møte og 2 telefonmøte. Arbeidsutvalet har også hatt møte/samtalar med representantar for vertskommunane, fylkeskommunen, Høgskulen i Volda, Kulturdepartementet og familie-, kultur- og administrasjonskomiteen i Stortinget.

Jan Magne Dahle orienterte om arbeidet i Ivar Aasen-stiftinga på landsmøtet i Noregs Mållag i juli 1996.

Sekretær: Stiftinga kjøper sekretærtenester frå LNK, avgrensa til 10 % stilling. Sekretæren førte rekneskapen til stiftinga fram til årsskiftet. Sidan har det vore kjøp rekneskapstenester frå Voldaregnskap AS.

ØKONOMISK STØTTE

Stortinget vedtok å løyva 1,3 millionar kroner over 1995-budsjetten til planlegging av Ivar Aasen-tunet. Desse midlane vert no i samarbeid med Kulturdepartementet nytta til planleggingsarbeidet som stiftinga står for. Kr 191.000 av desse vart brukt i 1995.

Desse sakspapira følger vedlagt:

- rekneskap og revisjonsrapport for Ivar Aasen-stiftinga
- oversikt over styremedlemer i stiftinga

Desse sakspapira vert delte ut på årsmøtet:

- rekneskap og revisjonsrapport Dei nynorske festspela 1995
 - rekneskapsrapport for stiftinga fram til juli 1996
 - rapport frå Brukargruppa
-

IVAR AASEN-STIFTINGA

Skiparar med styremedlemer og vara pr 15. august 1996

Noregs Mållag	Kristian Hanto (Jan Olav Fretland)*
Noregs Ungdomslag	Jarle Tømmerbakke (Randulf Bakken)
Litteraturskapet Det Norske Samlaget	Jostein Nerbøvik* (Ottar Grepstad)
Det Norske Teatret	Ola E. Bø* (Kristin Eikli)
Sunnmøre Museum	Edvard Molvær (Gunvor Krogsæter)
Ivar Aasen-museet	Jens Kåre Engeset* (Borghild Aasen Lødemel)
Møre og Romsdal fylkeskommune	Per Arne Skomsø (Jofrid Sæbøe)
Ørsta kommune	Jan Magne Dahle* (Bente Vatne)
Høgskulen i Volda	Odd Monsson (Sveinung Vaage) Torbjørn Urke (Bjarte Alme)
Volda kommune	Ingeborg Lyngnes Dahle (Kai Raaberg)
Møreforsking Volda	Jon Tvinnereim (Johan Barstad)
Landssamanslutninga av nynorskommunar	Arnfinn Vigrestad (Magne Rommetveit)
Vestmannalaget	Jostein Krokvik (Svein E. Kvamsdal)
Universitetet i Bergen	Oddvar Nes (Jan Oldervoll)
Møre Folkehøgskule	Roar Rønning (Olav Aasen)
Universitetet i Tromsø	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Kari Laila Skrede (Velaug Veum)
Universitetet i Trondheim	Ola Stemshaug Gunnar Foss
Hordaland fylkeskommune	Aasmund Mjeldheim (Svein Schröder Amundsen)

* = medlemer i arbeidsutvalet

RESULTATREKNESKAP FOR 1995

Ivar Aasen-stiftinga

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	1995	1994/1993
	Note	
Tilskot	191.000,00	17.000,00
Gåver	1.507,00	500,00
Andre inntekter	0,00	107.374,17
Sum driftsinntekter	<u>192.507,00</u>	<u>124.874,17</u>
Reise/opphold	63.550,60	50.547,50
Honorar	44.054,00	0,00
Dei Nynorske Festspela	1 11.887,00	14.946,20
Møteutgifter	7.561,00	0,00
Ymse kontorutgifter/porto m.m.	15.732,86	10.958,00
Sekretærtenester	2 50.701,00	43.909,00
Sum driftskostnader	<u>193.486,46</u>	<u>120.360,70</u>
Driftsresultat	<u>-979,46</u>	<u>4.513,47</u>
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
Renteinntekter	7.982,00	9.593,00
Andre finanskostnader	-276,00	-114,00
Netto finanspostar	<u>7.706,00</u>	<u>9.479,00</u>
Resultat før ekstraord. inntekter og kostnader	<u>6.726,54</u>	<u>13.992,47</u>
EKSTRAORDINÆRE INNTEKTER OG KOSTNADER		
Netto ekstraordinære postar	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>
Årsoverskot	<u>6.726,54</u>	<u>13.992,47</u>
OPPSKRIVINGAR OG OVERFØRINGAR		
Avsett til fri eigenkapital	6.726,54	13.992,47
Sum oppskrivningar og overføringer	<u>6.726,54</u>	<u>13.992,47</u>

**Balanse per 31. desember
Ivar Aasen-stiftinga**

EIGEDELAR	1995	1994/1993
	Note	
Omløpsmiddel		
Bankinnskot		<u>580.719,01</u>
Sum omløpsmiddel		<u>580.719,01</u>
SUM EIGEDELAR		<u>580.719,01</u>
		<u>203.992,47</u>
GJELD OG EIGENKAPITAL		
Kortsiktig gjeld		
Forskotsbetalte inntekter	<u>3</u>	<u>360.000,00</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>360.000,00</u>
Eigenkapital		
Grunnfond	<u>4</u>	<u>200.000,00</u>
Sum bunden eigenkapital		<u>200.000,00</u>
Udisponert overskot		<u>20.719,01</u>
Sum fri eigenkapital		<u>20.719,01</u>
Sum eigenkapital		<u>220.719,01</u>
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		<u>580.719,01</u>
		<u>203.992,47</u>

Ørsta, 31.12.95
02.08.96

I styret for
Ivar Aasen-stiftinga

Ivar Aasen-stiftinga

Notar til rekneskapen 1995

1. Gjeld utgifter i samband med tilsetjingar.
2. Gjeld kjøp av sekretærtenester for fjerde kvartal 1994 og heile 1995 og reisekostnader for sekretær.
3. Posten gjeld tilskot frå Kulturdepartementet utbetalt i 1995, men løyvd til prosjekt som skal gjennomførast i 1996.
4. Tala for 1994 er endra i høve til fastsett rekneskap for å gjere desse samanliknbare med rekneskapsoppsettet for 1995.



Storgt. 8, 6100 Volda
Vikegt. 5, 6150 Ørsta

Org.nr.: 947561359
Revisornr.: 947561359
Volda tlf.: 70 07 69 33
Volda fax: 70 07 83 16
Ørsta tlf.: 70 06 89 83
Ørsta fax: 70 06 77 85

Til Årsmøtet i

Ivar Aasen-Stiftinga

REVISJONSMELDING FOR 1995

Vi har revidert årsoppgjeret for Ivar Aasen-Stiftinga for 1995, som viser eit årsoverskot på kr 6.726,54. Årsoppgjeret, som er samansett av resultatrekneskap, balanse og notar, er framlagt av styret i stiftinga.

Vår oppgåve er å granske stiftinga sitt årsoppgjer, rekneskap og handsaminga av andre saker i stiftinga.

Vi har utført revisjonen etter gjeldande lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane som vi har funne nødvendige for å stadfeste at årsoppgjeret ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. Vi har kontrollert utvalde delar av materialet som ligg til grunn for rekneskapspostane og vurdert dei rekneskapsprinsippa som er nytta, leiinga sine skjønsavgjerder, og innhald og presentasjon av årsoppgjeret. I den grad det følgjer av god revisjonskikk, har vi gått gjennom formuesforvaltninga og den interne kontrollen i stiftinga.

Etter vår meining er årsoppgjeret gjort opp i samsvar med reglane for private stiftingar og god rekneskapskikk og gir eit forsvarleg uttrykk for stiftinga si økonomiske stilling pr. 31.12.95 og for resultatet av verksemda i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk.

Ørsta, den 2. juli 1996

Arvid Hovden
Arvid Hovden
statsautorisert revisor